

pressemelding.

En oljekatastrofe langs norskekysten med påfølgjande dårlig beredskap og tryggleik vil ikkje berre ha enorme miljømessige konsekvensar for kysten, men kan også

ramme turistområde, næringsliv og sysselsetjing over store geografiske område gjennom fleire år. Forbundet konstaterer at ein slik ulykke har inntruffe igjen.

Politiske myndigheiter må no sjå

hvilke konsekvensar slike ulukker har, og at det vil iverksett førebyggjande tiltak i tråd med våre forslag umiddelbart. Forbundet krev å bli tatt med på råd i den vidare prosessen i denne samanheng.

# kk oljeavfall



– Vi tykkjer det er viktig å kome tidleg i gong med oppryddinga. Til lengre tid ein ventar til verre kan det bli å få fjerna alt, seier Torkild Strandvik, som driv Stad Surfing i Hoddevik.

– Men vi er sjølvsagt glade for at hjelpa kom på fredag, legg han til.

Medan ryddemannskapa stod ute i frisk vind på Stadlandet, gjekk kaffitraktarane for fullt rundt om i Hoddevik.

– Det skulle berre mangle at dei ikkje skal få kaffi. Vi har og organisert ei lita kakebaking. Så no skal dei få kaffi og kaker, seier ei av dei gjestfrie Hoddevikarane.



**Døde fuglar:** Oppryddingsmannskapet observerte fredag over 100 oljeskaddde og døde fuglar.

## Siste kamp for livet



**Kjempar:** Fuglen prøvar å kvitte seg med oljen og sjøvatnet som har trengt gjennom fjørdrakta, men må gje tapt. Fuglen får same skjebne som hundrevis av andre fuglar langs Stadlandet.

**Inn med bærene kjem ein svart klump. Fuglen flaksar med vengene, men greier ikkje å lette. Fuglen er så tilgrisa med olje at ein vanskeleg kan bestemme arten.**

Håvar Fagerli

havar.fagerli@fjt.no  
telefon 942 79 790

Ein kan skimte fuglen såvidt over dei store bølgiene som sler inn mot Hoodeviksanden. Ute i bølgiene foregår det ein dramatisk kamp. Havet som før var matfat og bustad for fuglen, er no blitt ein livsfarleg fiende.

Det ser ut som fuglen har eit mål. Det er å kome seg inn på stranda. For ute i bølgiene trengjer vatnet inn i den oljeinfiserte fjørdrakta.

Torkild Strandvik, som bur ved Hoodeviksanden, har vore vitne til fleire titals fuglar som bukkar under for bølgiene på grunn av

olje i fjøra.

Fuglen som brukar sine siste krefter på å kare seg i land, må fleire gongar gje tapt då kreftene frå Stadhavet slår han ut att.

Til slutt kan det sjå ut som fuglen får fotfeste på stranda, og Torkild Strandvik prøvar å kome seg bort for å sjå om fuglen kan bergast.

Fuglen vil så gjerne riste av seg oljen, og flaksar med vengjene. Men det går ikkje. Rett før Torkild Strandvik kjem bort til fuglen, kjem bølga og tek den forvirra fuglen med seg ut att i havet. Vi sit alle ei stund og speidar utover, men fuglen er borte.

– Det einaste å gjere med fuglar som har fått så mykje skade, er desverre å avlive dei, seier ein alvorleg Torkild Strandvik.

Denne fuglen tok naturen seg av, men medan Fjordenes Tidende var på Hoodeviksanden måtte ryddemannskapet avlive sju fuglar som var skadde av oljesøl.



**Opprydding:** Etter redningsforsøket kan ikkje Torkild Strandvik gjere anna enn å halde fram med oppryddinga av oljen på Hoddeviksanden.